

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

postmottak@kud.dep.no

Høyringsuttale frå Landslaget for lokalaviser, LLA til **Høring om endring i tilskuddsordninga for periodiske publikasjoner.** Landslaget for lokalaviser (LLA) har gått gjennom det tilsendte utkastet, og organisasjonen kan i det alt vesentlege slutte seg til prinsippa som framlegget til reglar er bygd på.

LLA sluttar seg til forslaget om at forvaltninga av denne støtteordninga blir flytta til Medietilsynet, at den bygger på prinsippa i *Forskrift om produksjonstilskudd for nyhets- og aktualitetsmedier* som har betalt opplag som kriterium og at denne ordninga også blir gjort nøytral i forhold til leveringsteknologi.

LLA støttar intensjonane om å finna objektive kriterium, i den grad det er muleg. Men vi vil samstundes peike på at dette har vore ei avisgruppe som blir rekna som verdifull for mediemangfaldet og som ikkje har passa inn i andre støtteordningar. Målet om å ta vare på dette mangfaldet må vege tyngre enn firkanta prinsipielle reglar. Det er likevel å håpe at ein kan klare begge deler, og rapporten tilseier at dette er muleg.

LLA støttar målformuleringa.

Tilskuddordninga for nasjonale ukeaviser skal bidra til å opprettholde et mangfold av nasjonale ukeaviser karakterisert av høy kvalitet og uavhengig journalistikk med ulik kulturell og samfunnsmessig betydning.

Men LLA ser gjerne at ein tar med følgjande tillegg:

..... og som fell utanfor dei generelle støtteordningar.

LLA sluttar seg også til den foreslåtte definisjonen av målgrupper. Men vi meiner at det må vera rom for unntak dersom det skulle visa seg nødvendig for å oppfylle målet for støtteordninga. Vi kjenner ikkje til slike tilfelle i dag.

LLA støttar at det blir innført eit eige fordelingskriterium for aviser som blir redigert på nynorsk. Det er svært viktig å legge til rette for at det skal vere muleg å i det minste ha ei riksavis på nynorsk. Det er viktig både målpolitisk, kulturpolitisk og mediepolitisk.

Opplagstak

I ei vurdering av dei forskjellige simuleringane over modellar og satsar er det fornuftig å legge opp til eit grunntilskott. Det er og rett å ha eit opplagstak. Medier med høgt opplag vil også i denne avisgruppa få ein marknadsposisjon som vil gjere det lettare å skaffe eigeninntekter.

Konklusjon:

LLA støttar prinsippa som er lagt til grunn og vil rå til at ein bygger vidare på simuleringsmodell 6, alternativt modell 5. i utgreiinga.

Nivå og overgangsordning

Ved omlegging av tilskottssordninga er det viktig at det er tilstrekkeleg med midlar til at ein unngår uheldige konsekvensar. Det må og tas omsyn til at det kan koma nye aviser inn i ordninga, t.d. vil Utrop kunne synast å treffe målsettinga.

Vidare bør det vere overgangsordning for dei avisene som kjem uheldig ut ved omlegginga

Tilskottsutval

LLA rår til at Tilskottutvalet for det ordinære produksjonstilskottet også omfattar ordninga for periodiske publikasjonar.

Oslo 30.juni 2014

Venleg helsing

Landslaget for lokalaviser

Rune Hetland (s)

Generalsekretær

Direktetelefon 452 89 222

rune@lla.no